**Arkivverket**
SAB, Nordhordland sorenskrivar, SAB/A-2901/1/G/Gb/Gbf/L0007: Pantebok nr. A7, 1938-1939, Dagboknr: 3064/1938

4/12 Dagb. nr. 3064 1938

Form. 0751 b
C. Monsen bokhandel, Bergen

# Skyldskifte.

Laurdag den 26 november 1938 heldt underskrivne menn, som er uppnemnde av lensmannen, skyldskifte yver garden Lie

gr.-nr. 68 br.-nr. 1 av skyld mark 3,16 i Alversund

herad. Forretningi er kravd av gardbr. Ole Lie

som hev grunnbokheimel til den eigedom som er kravd skift.[1)]
Mennsuppnemningi fylgjer. Av mennerne hev ~~fylgjande~~ samtlige gjort eiden[2)] som skynsmenn.

Knut Marstad, Seinor S. Rydland
Johs. Th. Seim

Desse møtte:[3)] selgjaren gardbr. Ole O. Lie
og kjøparen Lars Tveiten.
Naboen Johannes Lie møtte.
Andre partar utan interessa.

Mennene valde til formann Knut Marstad.

For den parten av garden som er fråskild vart sette desse **grensone:**[4)]

Parsellen ligg i sudausten luten av utmarki og avgrensast av skiftelina mot bruk no 2 i sud. Ho tek til med kross i fjell ved flodmaalet og gaar 83.5 m i vestleg leid til merkestein m.v. Her fortset lina i nordvestleg leid 35 m til kross i foten av berget. Her vender lina i nordleg leid 20 m

[1)] Hall rekvirenten ikkje hev grunnbokheimel vert ikkje forretningi å godtaka til tinglysing, utan at han ved dom hev fenge stadfesta eigedomsrett til den lut av eigedomen som vert kravd fråskilt.
[2)] Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som nemnd i lov nr. 1 av 1/6 1917 § 20 skal vedk. før forretningi vert halde skriva under fylgjande fråsegn som vert å senda inn til sorenskrivaren saman med skyldskifteforretningi: „Eg lover at eg i alle saker vil utføra arbeidet mitt som skynsmann samvitsfullt og etter beste yvertyding den 19
N. N."
[3)] Dersom nokon part eller granne som hev interesse i skyldskiftet **ikkje** møter, må det verta sagt frå i forretningi um det er prova at dei er varsla, eller forsovidt vedkjem grannane, um det er funne utur-vande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).
[4)] Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensone mot granneeigedom må ein ikkje skriva noko um, dersom eigarane av desse ikkje er tilstades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter påkrav av partane ogso fyretaka skiftet i marki i samband med skyldskiftet (§ 7 i lovi), må det i grenseutgreidingi ogso takast med det turvande um det. —

til merkesstein m.v.; vidare i same
lid 25.5 m til merkesstein m.v.; vidare
i same lid 25.0 m til kross i berg
og vidare i same lid 0.8 m. Her vender
lina i nordaustleg lid og gaar 21.5 m
til kross i berg; vidare same lid
15.2 m til kross i berg; vidare same
lid 28.5 m til kross i berg ved flad-
maalet paa vestre sida av Naustviki
Herfraa fylgjer lina strandlina
rundt Naustviki og Naustneset attende
til utgangsstaden.

Hovudbruket hev rett paa
vestre halvparten av Naustviki, og
den retten grendsast i vest av ei lina
som gaar fraa nemnde kross i berg i
Naustviki og 10 m i sudleg lid gjenom
ein kross i berg 5 m sud.

Austre halvparten høyrer til den
fraaskilde parsel

Hovudbruket skal framleides ha rett til aa
nytta den noverande volsrenna ved Kvernhusbekken og rett til aa stemma upp vatn
i stemma. For det areal som kjem inn paa
den fraaskilde parsel. Parsellen skal hava rett her
aa nytta hovudbruket sin sjøveg, og skal hava
rett aa byggja ein 4 m breid veg fraa sjøvegen
til parsellen paa ein stad som parsellen finn
lagleg. Eigaren av parsellen upp fører og vedlikeheld
alt gjerdet som grendser til hovudbruket.

Elles hev parsellen inkje rettar utanum
dei her nemnde grendsor.

1. Er den eigedom, som vert bytt, jordbruk med skog? —

2. Fær kvart av bruki etter skiftet den skog dei treng til husbruk og gardstarvende? —

3. Er den eigedom, som vert bytt, jordbruk med fjellvidder herunder medrekna fjellvatn, elvar og bekkjer? —

4. Fær kvart av bruki etter skiftet den turvande fjellvidd? —

Dersom det vert svara ja på 1ste spursmålet, og nei på 2dre spursmålet, *eller* dersom det vert svara ja på spursmål 3 og nei på spursmål 4, lyt ein ogso svara på nedannemnde spursmål 5—7:

5. Hev heradsstyret samtykt i skyldskiftet? —

6. Eller finn skyldskiftemennene at det er godtgjort at den parten som vert fråskild eigedomen vil verta nytta til uppdyrking, byggetuft, veg, industribygg eller anna liknande fyremål?

7. Eller vert eigedomen bytt etter § 14 i „Lov om odels- og åsætesretten av 26. juni 1821"? —

Me vitnar:

a) At det ved skiftet ikkje er skipa ny sameign. ~~Men me hev likevel samtykt i at utmarki~~

~~kan nyttast ihop av~~
meddi me ikkje hev funne det tenleg å skifta meir enn som gjort er[1])

b) At kvart bruk hev fenge eit so høvelegt skap for freding og bruk som dei etter tilhøvi kan få.

Skyldi for den fråskilde parten vart sett til mark 6 øre

Hovudbruket hev att ei skyld av mark 3.10

Den fråskilde parten er gjeve bruksnamnet[2]) Lianetet

Kostnaderne ved skyldskiftet og tinglesingi av det:[3]) pa kviler eigaren av parsellen.

1) Det som ikkje høver stryk ein.
2) Som bruksnamn må ein ikkje i noko høve velja eit namn som alt er i bruk som slektsnamn og, som ikkje høyrer til dei meir ålgjenge (samfør lov av 9. februar 1923 nr. 2 § 21)
3) Dersom det ikkje vert upplyst eller det ikkje av nokon av partane vert gjeve fråsegn um at avtale er gjord um kven som skal bera kostnaderne ved skyldskiftet, skal mennene gjera vedtak um korleis kostnaderne skal bytast millom partane.

**Arkivverket**
SAB, Nordhordland sorenskrivar, SAB/A-2901/1/G/Gb/Gbf/L0007: Pantebok nr. A7, 1938-1939, Dagboknr: 3064/1938

Partane vart gjorde kjende med, at dei kan innanka skyldskiftet til yverskyn, med umsyn til storleiken av skyldi og skiftet i marki og at påkrav um dette må vera gjort til sorenskrivaren innan 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me hev gjort arbeidet vårt etter beste skyn og yvertydning i samsvar med den lovnad me hev gjeve.

Me hev gjort vedtak um at Knut Manstad skal syta for å senda (levera) skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

Knut Monstad, Einar S. Rydland
Johs Th. Seim
Skyldskifte utfekk me.
Oto Lie Kaarsvitten.

Godteke til tinglysing 1. desember 1938.
For sorenskriveren
Nelly Bell Knutsen

Tinglyst ved

Den fråskilde part hev fenge g.nr. 68 br.nr. 5